



Vår ref.: 2022/356-34

Dato: 07.12.2023

Til: Anbjørn Høivik


Frå: Anne Lise Næs

Notat gjeld:

Alternativ utforming av plankart - Detaljregulering for Husnes
kollektivterminal og sentrumsveg, 144/68 med fleire - PlanID 20200011

Justert plankart 05.12.2023

Plankartet syner no eit fortau på 3,7 meter breidde, samt at ein beheld solplassen som i dag. Kollektivterminalbygget er justert til *Kombinert bebyggelse og anleggsmål* slik at ein kan behalde arealet som parkeringsplass som no, eller ein kan bygge terminalbygg dersom ein vil det.



Justerte føresegner pr. 05.12.2023

Fortau (SF)

Fortau o_SF1, o_SF2, o_SF3, o_SF4, o_SF5, o_SF6, o_SF7, o_SF9 og o_SF10 skal opparbeidast med fast dekke med ein breidde på minst 3,0 meter.

Fortau o_SF8 skal opparbeidast med fast dekke med ein breidde på minst 2,5 meter.

Fortau o_SF11 kan ha møblering der fortau har breidde over 3 meter.

Fortau SF12 skal opparbeidast med fast dekke på 3,7 meter, og fortauet kan ha sonar for møblering og enkel beplantning på 1 meter av fortauet.

Kombinert bebyggelse og anleggspåremål (KBA)

O_KBA er offentlig areal der det kan etablerast stasjons-/terminalbygg eller parkeringsplass. Terminalbygg kan byggjast innanfor byggegrense.

Maksimal byggehøgde på bygget er 8 meter.

Kollektivterminalen skal kunne køyrast gjennom. Det skal vera 4 meter passasje for køyretøy.


Revidert illustrasjon syner at no får kun 2 parkeringsplassar mindre enn senteret hadde frå før.

Felt SPP2 (P3 i vegteikning) vil få redusert sin parkeringskapasitet med 2 parkeringsplassar.

Dagens kapasitet på 113 parkeringsplassar reduserast no til 109+2 HC-parkeringsplassar i planforslaget. Samstundes beheld me solplassen slik den er i dag.

Fortau langs storhaldelbygget er no på 3,7 meter breidde, og me kan regulere for å ha sonar for møblering og enkel beplantning på 1 meter av fortauet.

Å gå ytterlegare ned på fortausbreidda vil ikkje kunne gje oss fleire parkeringsplassar.



For eit vedtak så er det fint om ein supplerer vedtaket med at administrasjonen kan gjere tekniske justeringar i plandokumenta etter at vedtaket er gjort. (T.d. planomtalen som ikkje er oppdatert enda.)